

HYRDINGEN



Nr. 5

Oktober 2023

ÅRGANG 65

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Ny misjonsavtale Sjå side 5

Foto: Liv Ingunn Heie Medhaug

Kateketen har ordet	s. 2	Nye sokneråd og bisped.råd	s. 7
Kyrkjeverja 65 år	s. 2	Dåpskjoleutstilling og kyrkjelydsfest	s. 8
Redaksjonspennen	s. 3	Det nye teppe i Vikebygd	s. 9
Min song	s. 3	Gudstenestelista Kyrkjeboka	s. 10
Portrettet: Guro S. Sørhus	s. 4	Frå Kyrkjeboka	s. 10
Olsokgudsteneste og Thai besøk	s. 5	Møte og kunngjeringar	s. 11
Ny misjonsavtale Ølen og Bjoa	s. 5	Nye prestar i Vindafjord	s. 12
Konfirmantane	s. 6	Sigfred Sørensen takkar for seg	s. 12



Dåpskjoleutstilling
Sjå side 8



Kateketen har ordet

Av Britt Karstensen



Takk!

Det er haust

Tid for hausting av det som har fått spira og gro gjennom ein vekstse-song. Plukka av det me har i drivhus, bed, buskar og trer, gleder oss over brødet me kan baka...kanskje gå på jakt...nyta haustfargar, fersk fisk og fårikål. (Og den salaten som sniglane tok treng me ikkje dvela med...) Ei tid for å takka!

Likeeins kan me sjå på liva våre – kva kan me takka for der? Har me hausta nokre gode erfaringar på vegen så langt? Noko som gir glede og visdom for oss sjølve og dei rundt oss? Klarar me å sjå det som er godt? Det som fortener ein takk? (Eit tips: Nasetippen kan vera så som så å stira for lenge på...men om me klarar å løfta blikket så blir utsikten straks litt betre og me kan få auge på både det eine og det andre.)

I Bibelen høyrer me om Paulus og Silas som song lovsongar til Gud då dei var fengsla. Om situasjonen var både skremmande og ubehageleg så klarte dei å sjå at Gud var med dei. Likeeins kan me også finna ting å vera takksame for, uansett korleis me har det. Det betyr ikkje at me skal lata som om alt er fint og godt bestandig – livet er som det er,

«sniglar» og verre ting dukkar stadig opp! – men Gud er med oss gjennom alt. Gud sin kjærleik til oss er konstant, uansett ver og årstid. Det fortener ein takk!

Så lat oss bruka litt tid i haust til å leita etter ting me kan takka for. Det kan vera alt frå eple og gulrøter til klemmar og godord, eller mangel på smerter akkurat no. Og finn du ikkje så mykje i ditt eige liv, så er det alltid muleg å vera takksam for at andre har det godt. Og opnar du Bibelen finn du endå meir. Lukke til med ei spennande takke-jakt!

Mange stader feirar me hausttakkefest. Då syng me av og til nr.256 i Salmeboka:

«Herren Gud har velsignet vår jord. Landet har gitt oss sin grøde. Fra himmelen sendte han sol og regn, så mennesker skulle få føde. Alt som lever er vitne om ham. Hjertene fylles av glede. Og selv går han foran og viser vei for alle som lar ham få lede.»

La Gud få visa veg på vandringa di vidare i livet, og fyll hjartet med glede! God haust!

Kyrkjeverja

Av Nils Olav Østrem

Kyrkjeverje i Vindafjord Inghart Lasse Tveit fylte 65 år måndag 25. september.

Han er fødd i Sauda som son av smelteverksarbeidar Sigurd Tveit og samaritt/menighetssøster Klara Tangen. Dei sju første leveåra sine budde Inghart Lasse i Åbøbyen saman med foreldra sine og broren Hallgeir Lennart. Barndomsåra

i Sauda betyr mykje for Inghart Lasse og han er blitt ein mann med nær kontakt til saudamilljøet. Det siste er tilfelle ikkje minst i form av korrespondansen hans med Kjartan Fløgstad, Sauda-forfattaren. Inghart Lasse var både elev av og speidar hjå Kjell Kalstveit. Kjell betydde mykje for han både på Liarheim skule og i 1. Skjold KFUM speidargruppe. Etter det altfor tidlege dødsfallet til Kjell i 1978, 37 år gamal, tok Inghart eit hovudansvar for vidareføring av speidararbeidet i bygda.

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

I Vindafjord er mange medlemmer av kyrkja. Deltaking i valet på nye sokneråd var også svært godt. Frå 15% i nokre sokn, til 40% i Imsland. I oktober skal dei nye sokneråda konstituerast og nye leiarar veljast. Velkommen til leiaransvar i kyrkjelyden din. Takk for den tenesta du tar på deg. Det er ei viktig rolle då det kyrkjelege arbeidet femner om folket gjennom heile livet, frå vogge og til grav.

Dåpen (dei fleste har nok berre bilete å visa til frå sin eigen dåp) er også innmeldinga i Den norske kyrkja. Det er foreldra som slik melder borna inn. Når dei vert ungdommar og vaksne må dei sjølve ta stilling til om dei vil vera aktive i kyrkja og om dei vil ta i mot budskapen om frelsa. Trusopplæringa skal hjelpe dei unge til å verta meir kjende med Jesus og den kristne trua. Det er ei viktig teneste som sokneråda og dei tilsette i kyrkja saman skal syta for er på plass. Vi hadde konfirmantane både i vår og på etter-sommaren i Vindafjord. Her har ungdommen fått kunnskap om kva det vil seia å tru og å ta imot Jesus. Ta vare på dei orda du har lært når du går ut i livet som vaksen. Kom gjerne inn for meir påfyll i kyrkje, bedehus, kor og andre tilbod.

Sokneråda skal ikkje bera det kyrkjelege arbeidet åleine. Prestar, kateket, trusopplærarar og andre tilsette og frivillige medarbeidarar er med. Men så er det så mange andre oppgåver som også skal handterast. Då er det godt at folk stiller opp når det er dugnadar eller ein skal lage til arrangement mm. Vit at du er både viktig og verdifull, og mange er takknemlege for at du stiller opp.

Evjemoen i Setesdalen og Åsegarden ved Harstad blei tenestestadene for unge Tveit i det militære. Han gjennomførte med glød tenestetida si som infanterist i Brigaden i Nord-Norge. Bergen har også vore ein sentralt stad i livet til Inghart Lasse. Han studerte historie mellomfag og fleire andre universitetsfag. Både frå denne tida i Neumanns gate nær Nygårdshøyden og gjennom livet elles har han opparbeidd seg mykje kunnskap, kritisk rettferdssans og visdom på mange felt. Det er ei lang rekkje område Inghart Lasse har engasjert seg på. Målarbeid, sogelag og bygdebokarbeid er noko av det han har brukt

Min song

Omtale ved Liv Ingunn Heie Medhaug

Salmar og songar betyr mykje for meg. «Deg å få skoda» er ein salme som eg stadig kjem tilbake til. På ein særleg måte rører salmen ved både tanke og hjarta. Dette er ei inderleg bøn, ramma inn av irske tonar.

Arve Brunvoll, ein av lærarane mine på NLA-Høgskulen først på 80-talet, hadde nettopp oversett denne salmen då eg studerte der. Brunvoll opna augo mine for denne salmeskatten; ein innholdsmetta tekst med ein nydeleg keltisk melodi. Salmen innleia ei breiare interesse for irsk trusliv og musikktradisjon i norsk kyrkjeliv. Brunvoll omsette salmen til nynorsk. Den er seinare gjendikta til bokmål av Eivind Skeie og framført av Hanne Krogh på plata hennar «Vestavind» (1998). Ho valde tittelen «Irsk hymne» og opningslinja «Vær du visjonen, å Herre, i meg». Salmen vart brukt



Liv Ingunn Heie Medhaug er leiar for Kyrkjetunet i Ølen og bur i Ølensvåg. Etter mange år som lærar og leiaroppgåver i Vindafjord kommune, der ho nyleg gjekk av med pensjon.

Foto:

på gudstenesta då Ingrid Alexandra vart boren til dåpen. Aktiv bruk av salmen både i møte, gudstenester, ved bryllaup, konfirmasjon eller gravferd, viser at salmen betyr mykje for mange.

For meg er «Deg å få skode» evangeliet i kortform. Gjennom livet får eg be om å festa blikket på Gud og la relasjonen til Han vera berebjeleken i alle livssituasjonar. Bøna mi er at Jesus skal vera fundamentet for identiteten min og livsverdiane mine. Tryggleik, glede og framtidsarv er knytt til å vera barn av Gud, den himmelske kongen.

Deg å få skode

Tekst: Irsk frå 700-talet Til engelsk ved Mary Byrne 1905 og Eleanor Hull 1912 Omset: Arve Brunvoll 1978, NoS 482. Melodi: Irsk folketone.

Deg å få skode er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljuset som strålar ved dag og ved natt!

Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vera barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!

Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;
ver du det merket som syner mitt verd,
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

Rikdom og ære som menneske gjev,
er ikkje meir enn den morknande vev.
Du er min arv som varer til sist,
himmelske konge, det veit eg for visst.

Konge i æva, å lat du meg då
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skode din herlegdom der.
Amen.

krefter på. Hans innsats og juridiske kunnskap var avgjerande for at Aleksander Nagel sitt gåvebrev blei sikra til gode for Skjold gjennom Nagel-fondet etter at staten selde Studiegarden i bygda. No har Inghart Lasse om lag halve livet bak seg som kyrkjeverje i arbeid for kyrkjene og kyrkjelydane i Vindafjord. Stab og medarbeidarar, vener og kjenningar gler seg over at han kom seg vel gjennom eitt hjartetilfelle som nær hadde kosta han livet for om lag eitt år sidan. Under teikna takkar for venskap og fellesskap heilt frå same kristne speidarpatrulje og ungdomslag i 1970-åra.



Inghart Lasse Tveit. (Foto: S.Sørhus)

Portrettet: Guro Stople Sørhus – med stor interesse for korsong

Tekst og foto: Trygve Sandvik

Som lita jente på 6 år fekk Guro vera med i eit kristent barnekor i Skjold fram til ho var 12 år, og i dette koret lærde ho mange fine barnesongar. Som 40-åring kan ho sjå attende på mange år som leiari for barnekor både i Skjold og tidlegare i Bergen. Tekstane som ho lærde som barn hugsar ho, og desse har ho som vaksen formidla vidare til born som veks opp. Ho har funne stor glede i dette arbeidet. Guro er eit tydeleg prov på at læring i ung alder gir varige kunnskapar.

Oppvekst og utdanning

Guro Stople vaks opp i Austreimsbygda i Skjold som den yngste i ein syskenflokk på fire. At ho kom med i eit barnekor var nok ikkje tilfeldig, for både faren og farfaren hadde stor interesse for song. Etter grunnskulen og eit år på vidaregåande skule i Ølen flytta ho til Sandnes på hybel for å gå andre året på vidaregåande skule (hjelpelærarlinja), og det tredje året tok ho som påbygg på Lundeneset i Ølensvåg.

Men utdanninga stoppa ikkje med dette. Først tok ho eit år på Nordhordland folkehøgskule og deretter eit år på NLA (Norsk Lærarakademi) i Bergen for å studera kristendom og pedagogikk. For å fullføra utdanninga enda ho opp med 3 år på verneleiar skulen i Bergen.

Korsong – giftarmål - barnekor

Opplevinga som lita jente der ho song i kor, følgde Guro opp gjennom åra. Under studieopphaldet i Bergen var ho ei av to som leia eit barnekor i 2 år. I tillegg var ho med i eit lovsongteam. Ho ser med glede attende på Bergenstida.

Under opphaldet i Bergen var det ikkje berre studiar og kor som opptok henne. I 2005 gifta ho seg med ein Vatsbu, og etter 3 år valde dei å flytta til Vats. Der vart dei verande berre eit år, og i 2009 kjøpte dei seg hus i lsvik hageby. Her har dei funne seg til rette, og i åra 2008 – 2012 auka familien med 3 jenter.

Same året (2009) som Guro og familien kom til Skjold, overtok ho drifta av Skjold barnekor i lag med Ingebjørg Velde og Oddbjørn Mangrud. Dette leia ho heilt fram til 2022.

Barnekoret i Skjold

Då Hyrdingen spør om kva er motivasjonen for til å driva dette arbeidet, svarar ho: «Songglede og at det er eit kristent barnekor i bygda der born kan verta betre kjent med Jesus, er motivasjonen for meg».

Frå 4 års alderen til 4. klasse får borna eit tilbod om å starta i barnekoret. Øvingane føregår i kyrkja annakvar torsdag, og talet på born varierer frå 20 til 40. Utanom songøvinga er det småandaktar og leik og av og til vitjing av andre.

Framføringa føregår både i kyrkja og på bedehusa, og 2 gonger har koret sunge i Stavanger konserthus. Dei syng på basarar, julemesser, julegudstenester, 17. mai, konsertar eller andre samankomstar der det er ynskje om at barnekoret skal vera med. Borna får læra gode tekstar om at dei er elska, at dei har ein himmelsk far og tekstar om venskap og glede. Desse tekstane spreier seg mellom familie og venner, og songen når lengre ut enn berre til dei som høyrer på. Difor ser Guro på det som svært viktig med gode tekstar basert på den kristne bodskapen.

Ein periode i dette arbeidet dreiv ho eit kor som heitte JOY som skulle vera eit tilbod til borna då dei slutta i barnekoret, men etter ei tid dabba dette av då borna for over til Soul Children.

– Korleis er tilbakemeldingane? spør me. «Dei er svært gode», seier Guro, som har opplevd mykje takksemd over at barnekoret ville koma. Tekstane har til sine tider medført at tårene har kome fram, og ho har vorte veldig glad i borna.

På bibelskule i Afrika

I august 2022 slutta Guro av etter 13 års leiing av koret. Då hadde familien meldt seg på eit korttids familie-bibel-



Guro Stople Sørhus.

skule-opphald i Nairobi i Kenya. (3 månader) i lag med 6 andre familiar. Dette er eit såkalla TID kursopplegg (Tid for familien - tid for Gud) som vert drive av NLM (Norsk Luthersk Misjonssamband). Bakgrunnen for dette var å koma ut av kvardagen og oppleva meir tid for familien og tid for Gud. Dette var ei interessant oppleving i ein ny kultur, og dei fekk sjå den store skilnaden mellom folk i slummen og dei velstående.

Andre fritidsaktivitetar

Då Guro slutta av med barnekoret, overtok Ingrid Tveit leiarsvaret for koret. Guro sjølv har kome med i ei songgruppe som foreldre-instruktør for jenter i alderen 13–18 år. Dette er eit kristent konsertkor på sju jenter, såkalla Seven-jentene, som reiser rundt og held konsertar med formidling gjennom rollespel. Dette er ei vidare oppfølging av sine egne born, og det er foreldra som står bak. Dei reiser rundt om på heile Vestlandet med jentene på turnear, bibelcampingar og formidlar tekstane sine.

Elles må det nemnast at Guro tidlegare har engasjert seg i FamilieKRIK, (Kristen idrettskontakt), Avana-klubben (søndagsskuleopplegg) Tripp-Trapp og andre samankomstar for born og unge, særleg med bakgrunn i oppfølging av egne born.

Guro har lagt ned eit stort arbeid i gode barneaktivitetar som har vore til stor glede både for henne, borna og foreldra, og Hyrdingen vil nytta høvet til å takka henne for det ho har formidla.

Olsokgudsteneste i Vats kyrkje

Av Trygve Sandvik

Laurdag 29.juli kl.18.00 var det song- og musikk gudsteneste i Vats kyrkje, der ein heil flokk var samla.

Messa «Under kirkehvelv» som er skriven av den kjende komponisten Ludvig Nielsen, vart framført av familien Meling saman med vener, under leiing av Per Egil Meling. Dottera, Solveig Meling Johannessen, sat ved orgelet og mellom dei medverkande var det både blåsarar og strykarar.

Gudstenesta var lagt opp med korsong og song av kyrkjelyden. Presten var Dag Johannessen som



«Under kirkehvelv» framført av familien Meling.

hadde skriftlesing og ein kort tale. Ved utgangen vart det spela «O store Gud vi lover deg». Det var ikkje inngangspengar, men det vart tatt opp kollekt til inntekt for «Musikk gir liv».

Ei fin olsokpåminning! Olsok er ein stor dag i den norske saga, og i vår sekulariserte tid er det viktig å markera den kristne arven i landet vårt.

Thai-besøk i Skjold kyrkje

Tekst: Øivind Jønsson



Konsert med Ton, Ning, Kiril Kutin og Solveig Meling Johannessen. (Bilde frå Facebook)

I mange år var Immanuelkyrkja i Bangkok misjonsprosjektet til Vats kyrkjelyd. Dette er ein dagheim og musikk skule for vanskelegstilte born, etablert av Solveig og Dag Johannesen i 1989. Musikalsk har mange av borna nådd verkeleg langt, og utmerka seg nasjonalt i Thailand.

21.juni fekk vi nyte frukter av Solveig og Dag sitt arbeid. På veg til NMS si generalforsamling i Stjørdal heldt dei tilreisande konsert i Skjold kyrkje. Fem musikarar gav oss ei fin musikalsk oppleving med blåse-instrument, fiolinar, orgel og klaver. Solveig omsette det Ton, ein av musikarane, fortalde om vegen frå slummen i Bangkok til Immanuelkyrkja – til konsert i Skjold kyrkje.

Takk for ei flott oppleving!

Ny misjonsavtale Ølen og Bjoa sokn

Tekst/foto: Liv Ingunn Heie Medhaug

På gudstenesta i Ølen kyrkje søndag 27.august vart det inngått ny misjonsavtale for Ølen og Bjoa sokn.

Astrid Lykke Mosaker frå NMS informerte om avtalen knytt til arbeidet i Thailand. Saman med Den evangelisk-lutherske kyrkja i Thailand er NMS med på å gje mange barn og unge frå fattige kår ein betre start på livet, gjev hjelp til gravide i ein vanskeleg livssituasjon og bidreg med økonomisk støtte til opplæring og støtte for kyrkja sine medarbeidarar og medlemmer. Misjonsavtalen vart inngått med soknerådsleiar Signe Britt Vik.



Overrekking: Astrid Lykke Mosaker (NMS) og Signe Britt Vik (Soknerådsleiar).

Plakat: Misjonsavtalen

Sjå meir informasjon om det viktige arbeidet til NMS i Thailand på: www.nms.no. Konto for gåver til misjonsprosjektet er 8220 02 85057 og KID nr 143150860143150863.



Foto: Fotograf Nortveit.

Konfirmantane i Skjold 26.08

Bak frå venstre:

Preben Eide, Ester Åsheim, Leon Christopher Johannesen Zoonekyndt, Sveinung Havn Lothe, Johannes Lundal, Vebjørn Voll, Tobias Sørhus, Leo Rødde, Thomas Havn Lothe, Sindre Hustoft, Sigfred Sørensen.

Framme frå venstre:

Eline Sørhus, Emilie Victoria Brekke, Marie Handeland, Karoline Skjold, Andrine Dybdahl, Hanna Haraldseid, Åse Line Johansen, Kara Celine Amundsen, Emma Rørtveit.



Foto: Fotograf Nortveit.

Konfirmantane i Vikebygd 27.08

Bak frå venstre:

Ester Åsheim, Thomas Rødde, Damien Espedal, Alfinn Bjerga, Alexander Langhelle Vik, Sigfred Sørensen.

Framme frå venstre:

Thea Rødde, Ella Winterhus Julsrud, Jenny Alice Berentsen Trovåg, Trine Lenaire Vik.



Foto: Fotograf Nortveit.

Konfirmantane i Vats 02.09

Bak frå venstre:

Ester Åsheim, Arian Aaserød Solvang, Magnus Günther Skogen, Øyvind Lea Koltveit, Emil Vassnes, Mathias Velde, Sigfred Sørensen.

Framme frå venstre:

Maja Aaserød, Malene Gregersen, Camilla Nordtveit Vestre, Karen Blikra-Ohm.

Nye sokneråd og Bispedømmeråd

Info. frå Kyrkjeverja i Vindafjord / Kyrkja.no

Val på sokneråd er gjennomført og vi ynskjer alle nyvalde velkommen til ei teneste i fire år. I Vindafjord har alle sokn litt nedgang i oppslutnaden i høve til valet i 2019, men likevel: Alle sokn i Vindafjord ligg langt over landsgjennomsnittet, som er på 8,99% (12,6% i 2019). I Vindafjord er 5722 røysteføre. Av desse røysta 1042, som utgjør 18,2%.

Oppslutnad pr. sokn	2023	2019
Imsland sokn	40%	49%
Vikedal sokn	21%	30%
Sandeid sokn	15%	25%
Vats sokn	15%	17%
Skjold sokn	19%	21%
Vikebygd sokn	25%	29%
Ølen og Bjoa sokn	15%	16%

Fylgjande er valde inn i sokneråda:

IMSLAND sokn

Marita Kvitno Staurland f. 1978
Bodil Imsland f. 1969
Osmund Birkeland f. 1968
Jolaug Sæle Kaldheim f. 1962
Lars Bernhard Skipevåg f. 1960
Åse Vigdis Rønnevik f. 1973
Varamedlemmer:
1. Kjell Sigbjørn Hustveit f. 1955
2. Marit Øverland Ilstad f. 1982
3. Gro Anita Aartun Imsland f. 1975
4. Magnar Bernhard Rønnevik f. 1975
5. Edvind Marvik f. 1967

VIKEDAL sokn

Anders Ledaal Bjørnstad f. 1985
Leiv Øystein Leifsen f. 1976
Norun Marie E Eintveit f. 1954
Bjørghild Vetthus f. 1969
Torunn Frøyland f. 1981
Tine Karin Årvik f. 1967
Varamedlemmer:
1. Torlaug Hundseid f. 1936
2. Anne Marie Blikra f. 1961
3. Åse Jorunn Blikra f. 1958

SANDEID sokn

Harald Olav Stuhaug f. 1960
Margun Marit Dávøy Stople f. 1964
Eirik Stople f. 1989
Rannveig Obrestad f. 1985
Tore Tokheim f. 1961
Grethe Hustvedt Lærdal f. 1965
Varamedlemmer:
1. Øystein Helgeland f. 1953
2. Hilde Kvinnesland f. 1982
3. Inger Synnøve Bakkevoll f. 1954

4. Anne Iren Wenche Aarak Reime f. 1965
5. Gerd Eldbjørg Rødne f. 1936

ØLEN og BJOA sokn

Gunda Rønningen Berge f. 1957
Roald Sandsgård f. 1977
Ola Endre Alne f. 1950
Torunn Hadland Susort f. 1970
Bjørn Asgeir Lunde f. 1970
Sindre Skålnes Sandsgård f. 2003
Elin Thorsen f. 1964
Marvel Windsand Åsebø f. 1955
Varamedlemmer:
1. Ole Agnar Saue Aadland f. 1950
2. Yngvild Carnerö f. 1987
3. Sander Roa Totlandsdal f. 1999
4. Roger Berge f. 1975
5. Lars Dalen f. 1955

FELLES SOKNERÅD

Skjold-Vats-Vikebygd SKJOLD sokn

Sunniva Tveit Gregersen f. 1991
Karianne Dagsland f. 1989
Annhild Mortveit Sundfør f. 1993
Ellen Marie Andersen f. 1987
Varamedlemmer:
1. Ingrid Tveit f. 1987
2. Magnor Eidsheim f. 1972
3. Norleif Fjeldheim f. 1955
4. Gunnbjørg Bore Krakk f. 1968

VATS sokn

Iren Eike f. 1971
Malin Eidhammer Krakk f. 1987
Steinar Sørhus f. 1953
Per Arvid Fatland f. 1956
Varamedlemmer:
1. Kjell Sigmund Bakke f. 1957
2. Marit Synnøve Frantsen f. 1975
3. Jan Ove Gjil f. 1974

VIKEBYGD sokn

Arne Tveit f. 1962
Ingrid Mathilde Sørvåg f. 1959
Varamedlemmer:
1. Inger Kathrine Sundve f. 1967

2. Dagfrid Nagel-Alne f. 1965
3. Caroline Thorland Bjørnevik f. 2004
4. Laila Øvstedal Espeland f. 1970



Brit Nelly Ness Tveit frå Vikebygd har fått fast plass i Bispedømmerådet, der ho er vald inn på Nominasjonskomitéens liste. Foto: Gunnar Listog

Bispedømmerådet i Stavanger

Faste medlemmer

Helene Breivik Hellerdal, Åpen folkekirke
Dorrit Vignes, Åpen folkekirke
Eirik Faret Sakariassen, Åpen folkekirke
Brit Nelly Ness Tveit, Nom.komitéens liste
Kristine Brunvathne Bjerkestrand, Nom.komiteens liste
Therese Egebakken, Frimodig kirke
Magne Hersvik, Bønnelista

Prest: Dag Tormod Milje
Lek kyrkjeleg tilsett: Jarle Stokka
(Ikkje endeleg avgjort pga. klage på valet)

Varamedlemmer Bønnelista:

1. Ragna Ristesund Hult
2. Tor Kjell Mosaker
3. Olav Magnus Lundø
4. Tora Himle Holta

Varamedlemmer Frimodig kirke:

1. Knut Alfsvåg
2. Terese Bue Kessel
3. Tobias Lien
4. Bjørn Stornes

Varamedlemmer Nominasjonskom. liste:

1. Willy Finnbakk
2. Geir Skeie
3. Camilla Mariann Skjældal Cazon
4. Atle Blomgren
5. Janne Birgitte Ueland

Varamedlemmer Open Folkekirke:

1. Arne Jon Myskja
2. Geir Helge Waaler
3. Marianne Meling Kvamsøe
4. Gyrid Espeland
5. Hanne Randulff Stein
6. Finn Alexander J. Clementsen

Dåpskjoleutstilling i Skjold kyrkje

Tekst og foto: Gunnar Listog

Frå 15. til 24. september var det dåpskjoleutstilling i Skjold kyrkje. Til saman 52 flotte dåpskjolar hang fint rundt om i kyrkja. Saman med kjolen var det faktaark, slik at ein kunne lesa historia om kvar einskild. Her var 100 år gamle kjolar, kjolar som 100 born var døypte i og kjolar som var så gamle og skjøre at dei var utstilte i ei glasramme. Det vart ei veke som gav tankar om kva dåpen eigentleg er, men som òg gav inspirasjon til m.a. dekking av bord til dåp, oppleve song og musikk knytt til dåp og barnetru, temakvelder, rusle rundt i fred og ro. Ei veke til ettertanke og glede.



Mange fine dåpskjolar.

Dåpskjolane - eit familieklenodium

Alle dei 52 dåpskjolane fortalde konkret om familietradisjonar: Alt frå den som hadde sydd kjolen, stoff som var nytta til kjolen og ikkje minst, kven som var døypte i kjolen. Då kan me snakke om tradisjonar gjennom mange generasjonar: Dåpen, saman med konfirmasjon, er ein av milepælane i mange familiar, for mange er det òg noko større: ei trygg barnetru.

Det ein spesielt merka, var kor stolte og glade kvar einskild var for dåpskjolen: For nokon var historia årelang, for andre var kjolen nysydd/ strikka og var byrjinga på ein familietradisjon.

Kyrkjelydsfest

Dåpskjoleutstillinga byrja med ein fin inspirasjonskveld for alle. Det skulle vera ein kveld som skulle gje rikeleg med påfyll, men òg ein kveld som uttrykte takksemnd til alle som yter frivillig innsats. På festen orienterte Kari Synnøve Velde Haugen om dåpsutstillinga. Sunniva, Malin og Iselin, saman med Ingrid og Arne, framførde nydeleg song. Prest i Tysvær, tidlegare Mali-misjonær Gjermund Lygre, heldt ei inspirerande tale. Han tok m.a. utgangspunkt i ord som verdifull, entusiasme, begeistring, alminneleg, typisk, kjekt. «I kveld feirar me at me får lov til å vera med å bidra», sa Lygre mellom anna.

«Å bidra er godt for helsa!»

Ei lang matøkt med studiar av dåpskjolar og god drøs gjorde festen til ei inspirerande kveldsstund. Festen var dyktig leia av Brit Nelly Tveit, nyvald medlem av Bispedømmerådet.

Temakveld

Midt i dåpskjoleutstillingsveka var det Temakveld: *Fyllt av glede over livets under!*

Her snakka Berit Mortveit Listog, ein av initiativtakarane til dåpsutstillinga, med prest Sigfred Sørensen om ulike dåpstema: *Kvifor døyper me borna våre, bortsett frå at det er ei hyggeleg familie-hending? Kva betyr det å vera døypt? Korleis har dåps-tankane endra seg på 2000 år? Er barnedåp gammaldags?*

Song av dåpssalmar og presentasjon av nokre dåpskjolar var òg del av programmet.

Det var ein kveld til ettertanke.

Open utstilling

Utstillinga var open kvar dag. Folk kunne nyta utstillinga i fred og ro, eller ta ein kopp kaffi saman med nokre vaffelhjarte eller ein kakebit. Også elevar m.a. frå Skjold skule var innom.

Og som ein raud tråd gjennom det heile: Dei nye konfirmantane vart presenterte på avslutningsdagen



Talar Gjermund Lygra.



Fint pynta bord.

av utstillinga: konfirmasjon som stadfesting av dåpen.

Takk til Skjold og Vikebygd sokneråd ved Trusoppplærings- og kulturutvalet, som fekk dette till

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

NLMvgs

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Det nye teppet

Tekst/bilete: Steinar Skartland

Det nye teppet kom på plass i Vikebygd kyrkje til konfirmasjonen i slutten av august. Fint vart det med det opphavelge symbol-mønsteret frå kyrkja var ny i 1937 og mange uttrykte glede over at det grønne teppet frå 80-talet nå var skifta ut. Symbolet på teppet, ein X med eit merke opp og ned er «Khi-rho», ein

grafisk figur og eit av dei tidlegaste kristogramma. Eit mykje brukt symbol innafor den kristne kyrkja. Figuren er danna ved å slå saman de to første (store) bokstavane khi og rho (XP) i det greske ordet «ΧΡΙΣΤΟΣ» = Kristus, slik at det blir eit monogram. Sjølv om figuren ikkje er ein vanleg kross, kan khi-rho tolkast som å bety Jesu krossfesting og symbolisere hans status som Kristus. Stjerna peikar på Jesu fødsel og krossen på hans død. (Kjelde: Wikipedia)



Dato	Tid	Stad/kyrkje	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
22.10	11.00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Felles Skold, Vats og Vikebygd, Takkoffer	Matt 22,15-22
22.10	16.00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, Bok til 4-åringar, Takkoffer	Matt 22,15-22
29.10/	11.00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 13,22-30
05.11	11.00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 5,1-12
05.11	11.00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Helgemesse, Takkoffer til Lokal trusopplæring	Matt 5,1-12
05.11	11.00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Helgemesse, Takkoffer	Matt 5,1-12
12.11	11.00	Skjold kyrkje	Fam.Gudsteneste, 4-årsbok og 5.kl. bibel. Takkoffer	Joh 6,63-69
12.11	11.00	Sandeid kyrkje	Fam.Gudsteneste, 4-årsbok og 5.kl. bibel. Takkoffer	Joh 6,63-69
19.11	11.00	Vikebygd kyrkje	Fam.Gudsteneste, 4-årsbok og 5.kl. bibel. Takkoffer	Mark 2,1-12
19.11	11.00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, Bibel til 5.klasse, Takkoffer	Mark 2,1-12
19.11	13.00	Vats kyrkje	Fam.Gudsteneste, 4-årsbok og 5.kl. bibel. Takkoffer	Mark 2,1-12
26.11	11.00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Innsetjing av ny sokneprest, Takkoffer	Matt 25,31-46
26.11	11.00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 25,31-46
26.11	13.00	Imsland kyrkje	Familiegudsteneste, 4-åringar og 5. klasse Bibel, Takkoffer	Matt 25,31-46
03.12	11.00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, 4 og 5 kl. bibel, Takkoffer	Luk 4,16-22a
03.12	17.00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 4,16-22a
03.12	17.00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 4,16-22a

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde	Vigde
Ølen	27.08.2023 Olav Aksel Lund	19.08.2023 Lars Alvseike f. 1924 13.08.2023 Alf Magnar Habbestad f. 1958 21.08.2023 Valfrid Vik f. 1928 26.08.2023 Jarle Lillemo f. 1992 11.09.2023 Gudrun Brekke f. 1925	
Sandeid	03.09.2023 Andrea Helgevoid	05.08.2023 Åslaug Johanne Hauge f. 1937 25.08.2023 Knut Lillemo f. 1931	12.08. Inger Marie Stople og Ingmar Halleraker
Vikedal	24.09.2023 Sanna Torstenbø 24.09.2023 Celine Benjamin Steinnes		
Vats	20.08.2023 Othilie Bjørnevik Urdal	19.07.2023 Sjur Inge Stødle f. 1946	
Skjold	13.08.2023 Liva Othille Holstad 13.08.2023 Kåre Breivik Skromme 03.09.2023 Sara Skartland Hovda 03.09.2023 Joar Haraldseid 24.09.2023 Thelene Nesheim Owe 24.09.2023 Demi Rønnestad Lawson 24.09.2023 Levin Lawson Nesheim	14.08.2023 Inger Marie Ohm f. 1957 22.08.2023 Ingebjørg Emberland f. 1939	23.09. Gerlie Gaoat og Geir Inge Skjold
Vikebygd		13.09.2023 Øydis Modgunn Trovåg f. 1942	
Bjoa		30.08.2023 Kjell Kjørland f. 1946 01.09.2023 Hilmar Bjelland f. 1934	19.08. Therese Hegerland og Tord Askvig

FELLESFORUM

På Kyrketunet i Ølen vert det «Fellesforum» torsdag den 26. oktober kl. 19.00.

Me får besøk av naturfotografen Jan Rabben som kjem ut med ny bok denne hausten. Han vil visa bilete og dela med oss frå sine naturopplevingar.

Kjell Ravatn vil stå for musikken. Elles vert det som vanleg matøkt og mini-basar. Kvelden vert avslutta med kveldstankar og song.

Arrangør: Ølen NMS.

JULEMESSE I ØLENSVÅG

Bygdasenteret i Ølensvåg 25. november kl. 11.00–14.30.

Arrangør: Vågen bedehus

BLADPENGER TIL HYRDINGEN

Gode lesarar av kyrkjebladet Hyrdingen.

Tusen takk til alle de som har betalt bladpenger til Hyrdingen i år.

Dessverre er det færre enn tidlegare, så om det ennå er nokon av dykk som vil støtta drifta av kyrkjebladet, så bruk enten:

VIPPS-nr.: 531472, eller bankgiro: 3240.11.17937

Kyrketunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrketunet.no og Facebook-sida


Bønnemøte: Tirs dagar kl. 19.30		
18.10.	onsdag	19.00 Chosen 2
24.10.	tisdag	19.30 Bønnemøte
26.10.	torsdag	19.00 Fellesforum
27.10.	fredag	19.00 «Smak og se» ungdomsklubb
29.10.	søndag	11.00 Familiesamling
31.10.	tisdag	17.30 HalloVen (4. - 7. klasse)
31.10.	tisdag	19.30 Bønnemøte
01.11.	onsdag	19.00 Chosen 2
02.11.	torsdag	11.00 Torsdagstreff 11-13, pris kr 100
10.11.	fredag	19.00 «Smak og se» ungdomsklubb
12.11.	søndag	19.30 Kveldsmøte m/ Roar Flacke
17.11.	tisdag	19.30 Bønnemøte
15.11.	onsdag	19.00 Chosen 2
21.11.	tisdag	19.30 Bønnemøte
24.11.	fredag	19.00 «Smak og se» ungdomsklubb
26.11.	søndag	19.30 Kveldsmøte m/ Ingunn Moi
28.11.	tisdag	19.30 Bønnemøte
29.11.	onsdag	19.00 Chosen 2

Vindafjord Soul Kids (5-10 år)

Torsdagar kl. 17.30 datoar: 19.10.+2.11.+16.11.+30.11.

Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)

Laurdag: 21.10.+25.11. kl 11.00. +Torsdag: 2.11. kl. 17.45



Torsdagstreff hausten 2023

Kyrketunet i Ølen kl. 11-13
2. november og 7. desember
Pris kr 100,-
Alle hjarteleg velkomne



Ved interesse etter fristen, Kontakt tlf. 951 23 371.

Vågen bedehus www.vaagenbedehus.no

19.10.	torsdag	19.30	Kveldssamling, Talar: Per Tveten.
20.10.	fredag	19.30	Kveldssamling, Stad: Bygdasenteret. Talar: Per Tveten
21.10.	lørdag	17.00	Generasjonssamling, Stad: Bygdasenteret. Talar: Per Tveten
21.10.	lørdag	20.00	Open kveld på bedehuset, Stad: Bedehuset. Talar: Per Tveten
22.10.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule, Stad: Bygdasenteret. Talar: Per Tveten
29.10.	søndag	19.30	Kveldssamling, Talar: Håkon Garvo
03.11.	fredag	20.00	Temakveld - «Bærekraftig tjeneste», Talar: Runar Mulelid
05.11.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule, Talar: Helga Røyland. Stad: Bygdasenteret
12.11.	søndag	19.30	Møte - Den indre Sjømannsmisjon
19.11.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule, Talar: Preben Solvang. Stad: Bygdasenteret
25.11.	lørdag	11.00	Julemesse, Stad: Bygdasenteret
26.11.	søndag	19.30	Jubileumsmøte for ImF, Stad: Bedehuset. Talar: Runar Landro
03.12.	søndag	10.00	Adventfrokost, Stad: Bygdasenteret
03.12.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule, Talar: Øivind Solheim. Stad: Bygdasenteret

Bedehusa i Skjold

21.10.	laurdag	12.00	Ersland: Bedehusbasar
23.10.	måndag	16-20	Austrheim: Innsamling Ukraina
24.10.	tysdag	19.00	Isvik: BE-gjengen Ev. Orientmisjon
26.10.	torsdag	16-18	Skjold Kyrkje: 60+
31.10.	torsdag	19.00	Ersland: Israelsmisjonen BASAR
07.11.	tysdag	19.00	Austrheim: NLM Misjonssambandet
14.11.	tysdag	19.00	Isvik: Samemisjonen
21.11.	tysdag	19.00	Ersland: NMS Misjonsselskap
28.11.	tysdag	19.00	Austrheim: Israelsmisjonen
30.11.	torsdag	16-18	Skjold Kyrkje: 60+
01.12.	fredag	18.30	Austrheim: Grautfest

ARKEN Bedehus i Vats www.arken-vats.no

19.10.	torsdag	18.00	Hautbasar
22.10.	søndag	11.00	Familiemøte
25.-29.10.	ons.-søn.	19.00	Møteserie med Indre Sjømannsmisjon
01.11.	onsdag	19.00	Møte med «Lys over land»
02.11.	torsdag	19.00	Bygdakveld
07.11.	laurdag	17.00	Undretur for 4-åringane
09.11.	torsdag	19.00	Bønn og lovsang
11.11.	laurdag	19.00	Loftet
12.11.	søndag	19.00	Søndagskveld på Arken
14.11.	tisdag	17.00	Sprell levande
15.11.	onsdag	19.00	Møte med NLM
21.11.	tisdag	17.00	Krøllesamling
22.11.	onsdag	19.00	Normisjonskveld
23.11.	torsdag	19.00	Bønn og Lovsang
25.11.	laurdag	10.00	Juleverkstad
26.11.	søndag	14.00	Julemesse
28.11.	tisdag	17.30	«Guds-rike-leiken»

Innbjoa bedehus

19.10.	torsdag	11.00	Formiddagstreff
26.10.	torsdag	18.00	Møte: Open Heart med Halvard Hasseløy
06.11.	mandag	18.30	Nattverdsmøte
13.11.	mandag	18.30	Sosial samling
15.11.	onsdag	18.30	Møte med Godt Nytt v/Berner Solås
17.11.	fredag	18.00	Sri Lanka basar
23.11.	torsdag	11.00	Formiddagstreff

Bønnemøte kl. 18.30, måndagar: 23.10.+30.10.+20.11.+27.11.

Bibelstudier og bønn kl.11.00, onsdag 25.10.+1.11.+8.11.+15.11.+22.11.+29.11.

Mini-Credo kl. 17.30, tisdag 31.10.+14.11.+28.11.

Credo kl. 18.00, fredag 27.10.+10.11.+24.11.

Øvre Vats bedehus

23.10.	tysdag		Innsamling til Ukraina
07.11.	tysdag		Formiddagstreff
08.11.	onsdag		Møte, NMS
29.11.	onsdag		Møte, Samemisjonen

Innsamling til Open Heart Ukraina

Lever sekker med klede og ting du vil gje til hjelp i Ukraina:

Austrheimsbygda bedehus: 23. oktober kl. 16–20

Øvre Vats bedehus: 24. oktober kl. 13–20

Vikebygd bedehus: 26. oktober kl. 14–18

Kontakt-telefon: 911 81 157.

NB. kr 50,- pr. sekk til å dekke transporten.

Møte på Innbjoa bedehus 26. oktober kl. 18.

Vikebygd bedehus

25.10.	onsdag	19:30	Møte med IMS v/Kåre Johan Hamre
08.11.	onsdag	19:30	Gladsong
22.11.	onsdag	19:30	Mat og prat. Kveldsmat, drøs og kveldsord

Nye prestar i Vindafjord

Av Sigfred Sørensen

Som meldt tidlegare, byrjar Torgeir Vea som ny sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd 15. november. Han blir innsett i teneste ved ei gudsteneste i Skjold 26. november.

Sigfred Sørensen går då over i 50% vikarstilling som fung. sokneprest i Ølen og Bjoa. Magnhild Handeland Helberg vil framleis ta enkelte gudstenester og gravferder her.

Sigve Clemetsen held fram i 50% som fung. sokneprest i Vikedal, Sandeid og Imsland.

Vi får dessutan ein ny vikarprest i 70% stilling, Elisabeth Fauskanger. Ho har i mange år vore sundagsskulesekretær og trusopplærar, og tek nå ein mastergrad ved MF, slik at ho kan bli ordinert til prest. Denne utdanninga er ferdig våren 2025. Ho vil frå hausten 2023 arbeida i Vindafjord, mest i Vikedal, Sandeid og Imsland, saman med Sigve.

Vi har altså ein mykje betre prestesituasjon enn det siste året, og er takksame for det.



Ny sokneprest Torgeir Vea. Foto: privat

Innsetjing av ny sokneprest

Torgeir Vea skal innsetjast som ny sokneprest i Skjold, Vikebygd og Vats ved ein gudsteneste i Skjold kyrkje søndag 26. november kl. 11.00. Vi ynskjer folk frå alle bygdene velkomen til å vera med og helsa på den nye presten!

Samstundes er dette ein avskil med Sigfred Sørensen som har vore vikarprest dei siste par åra. Det blir kyrkjekaffi etter gudstenesta, og høve til å koma med helsingar.

Takk for meg!

Då eg byrja som vikarprest i Skjold, Vats og Vikebygd 01.01.2022, var det tanken at eg skulle vera her eit halvt år. Det vart til mest 2, ettersom Kristian Kyllingstad etter lang tids sjukemelding, så opp stillinga si frå 01.01. 2023. Etter fleire utlysingar, fekk vi Torgeir Vea som søkjar, og han startar i arbeidet i november.

Det har vore nokre intense og spanande år for min del. Eg kjende litt til kyrkjelydane, for eg var her i 1982, då Paul Haarr hadde permisjon. Mykje hadde endra seg, mellom anna var det komen ny kyrkje i Skjold, og Vikebygd var flytta over frå Ølen til Skjold. Men det som ikkje har endra seg, er folket: Eit varmt, ope folkeslag med stort engasjement. Det har vore godt å kjenna at her er det mange som bryr seg om kyrkja og er villige til å bruka tid og krefter på å byggja levande kyrkjelydar.

Eg ber med meg mange sterke minner frå flotte gudstenester, gripande gravferder og gilde vitjingar i heimane til folk. Pandemien tok slutt akkurat då eg byrja tenesta her, og oppslutnaden om arbeidet har kome tilbake til gamle høgder og vel så det! Eg er djupt takksam for måten de har tatt imot meg på! Eg har kjend meg heilt heime!



Sigfred Sørensen. Foto: Steinar Skartland

Takk også for godt samarbeid både med andre tilsette og sokneråda, det har vore ei stor glede! Nå startar nytt, felles sokneråd for alle dei 3 kyrkjelydane, samstundes som ny prest startar opp tenesta si. Det vil bli ei spanande tid, og vi vonar på framgang og vekst!

Må Gud framleis signa kyrkjelydane med sin nåde og fred!
Sigfred Sørensen

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
 **Kirkens SOS**
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 30. november.

Frist for levering av stoff er
27. oktober.